



Roy og Kjersti Hjelmeland
Nesmyrane 8
5114 TERTNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1475 - 14/7508

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
22.04.2014

Utsleppsløyve for fritidsbustad - gbnr 245/18 Kvamme.

Kommunen gjev i samsvar med Forskrift om begrensing av forurensing kap 12 utsleppsløyve for 1 fritidsbustad, inntil 5 pe, i samsvar med søknad stempla motteke 28.11.2013.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

- Avlaupet skal reinsast i slamavskiljar av godkjend type før det reinsa avlaupet vert ført i tett leidning som går til sjø.
- Avlaupet skal førast til minimum 10 m djupne.
- Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tømmast innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.
- Det skal betalast årleg gebyr for slamtømming i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.
- Det skal dokumenterast løyve etter hamnelova for etablering av leidningen ut i sjø.
- Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

Eigar av utsleppet er ansvarleg for eventuell forureining frå anlegget, jf forureiningslova § 7.

Det er gitt dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen og byggjeforbodet i 100-metersbeltet og løyve til å etablere anlegget i samsvar med plan- og bygningslova § 20-1, i eige vedtak.

Saksutgreiing:

Det er søkt om utsleppsløyve frå fritidsbustad på gbnr 245/18 på Kvamme. Avlaupet skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa avlaupet vert ført i tett leidning til sjø.

Eigedomen har eit avlaupsanlegg frå 1960-talet med slamavskiljar og utsleppsleidning til sjø som no skal skifta ut/oppgraderast. Det ligg ikkje føre utsleppsløyve.

Anlegget skal plasserast som vist på situasjonskart stempla motteke 28.11.2013.

Det er innlagt vatn i bygget og installert WC.



Utsleppet sin storleik er oppgitt til 5 pe.
Det er køyvrevveg fram til eigedomen.

Tiltaket er nabovarsla. Det er ikkje registrert nabomerknader.

Vurdering:

Omsøkte utsleppsløysing er i samsvar med reinsekrava i området. Det vert sett krav om at utsleppsleidningen skal førast ut på minimum 10 m djupne.
Reinseløysinga krev slamtømming og eigedomen skal knytast til kommunal slamtømmeordning.
Slamtømming er, slik administrasjonen vurderer, det moglege. Slamavskiljarar tilknytt fritidsbustadar skal tømmast ikkje sjeldnare enn kvart 4. år, jf forureiningsforskrifta § 12-13.

Etableringa av leidningen krev løyve etter havne- og farvannslova. Søknaden om dispensasjon har vore på høyring til Bergen og omland havnevesen som uttalar at dei ikkje kan sjå at tiltaket vil vera problematisk etter Havne- og farvannsloven. Naudsynt løyve etter havne- og farvannslova må dokumenterast.

Det er søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen og byggjeforbodet i 100-metersbeltet og løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1. Løyve er gjeve i eige vedtak.

Gebyr:

Kommunen har i gebyrregulativet som gjeld frå 31.03.2014 vedteke differensierte gebyr for utsleppssaker der det m.a. vert gitt reduksjon i gebyr der det er eksisterande anlegg. Det blir fastsett følgjande gebyr:

17.2.2 Søknadspliktige tiltak der det i dag er eldre avlaupsanlegg 70 % reduksjon i gebyr	1	Kr 1 590,-
Sum gebyr		Kr 1 590,-

Bortfall av løyve:

Dersom arbeidet ikkje er igangsatt seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, eller arbeidet vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt, må ny søknad sendast inn.

Klagerett:

Det er klagerett på vedtaket, jf forvaltningslova § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert klaga på (vedtaket) og kva endringar De som part ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansen si avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

flo 1 as	Spelhaugen 8A	5147	FYLLINGSDALEN
Bergen og omland havnevesen	Postboks 6040	5892	BERGEN
Eining for teknisk drift			

Mottakarar:

Roy og Kjersti Hjelmeland	Nesmyrane 8	5114	TERTNES
---------------------------	-------------	------	---------